

## KOMMISJONSDIREKTIV 2000/39/EF

2001/EØS/57/30

av 8. juni 2000

**om fastsetjing av ei første liste over rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet i samband med gjennomføringa av rådsdirektiv 98/24/EF om vern av helse og tryggleiken til arbeidstakarar mot risiko i samband med kjemiske agensar på arbeidsplassen(\*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 98/24/EF av 7. april 1998 om vern av helse og tryggleiken til arbeidstakarar mot risiko i samband med kjemiske agensar på arbeidsplassen<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 3 nr. 2,

med tilvising til fråsegna frå Det rådgjevande utvalet for tryggleik, hygiene og helsevern på arbeidsplassen og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I medhald av direktiv 98/24/EF skal Kommisjonen, i form av rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet som skal fastsetjast på fællesskapsplan, gjere framlegg om europeiske mål for vern av arbeidstakarar mot risikoen i samband med kjemiske agensar.
- 2) I samband med utføringa av denne oppgåva skal Kommisjonen få hjelp av Vitskapsutvalet for yrkeshygieniske grenseverdiar, som er oppnemnt ved kommisjonsavgjerd 95/320/EF<sup>(2)</sup>.
- 3) Medlemsstatane skal fastsetje ein nasjonal grenseverdi for eksponering i arbeidet for alle kjemiske agensar som har ein rettleiande grenseverdi for eksponering i arbeidet som er fastsett på fællesskapsplan, samstundes som det vert teke omsyn til fællesskapsgrenseverdien, og dei skal avgjere korleis grenseverdien skal vere, i samsvar med nasjonal lovgjeving og praksis.
- 4) Rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet bør reknast som ein viktig del av heilskapsmetoden for å verne arbeidstakarar mot risikoen i samband med kjemiske agensar.
- 5) Ei første og andre liste over rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet vart fastsett ved kommisjonsdirektiv 91/322/EØF<sup>(3)</sup> og 96/94/EF<sup>(4)</sup> på grunnlag av

føresegnene i rådsdirektiv 80/1107/EØF av 27. november 1980 om vern av arbeidstakere mot farer ved å være utsatt for kjemiske, fysiske og biologiske agensar i arbeidet<sup>(5)</sup>.

- 6) Direktiv 80/1107/EØF vart oppheva ved direktiv 98/24/EF med verknad frå 5. mai 2001.
- 7) Dei rettleiande grenseverdiane for eksponering i arbeidet som vart fastsette ved direktiv 91/322/EØF og 96/94/EF innan ramma av direktiv 80/1107/EØF, bør vedtakast på nytt innan ramma av direktiv 98/24/EF.
- 8) Lista som er førd opp i vedlegget, inneheld dei stoffa som er nemnde i vedlegget til direktiv 96/94/EF, og omfattar dessutan ein del andre agensar som Vitskapsutvalet for yrkeshygieniske grenseverdiar har tilrådd at det bør fastsetjast grenseverdiar for med omsyn til eksponering i arbeidet, etter vurdering av dei nyaste vitskaplege dataa om helseverknader og tilgjengelege måleteknikkar. Av omsyn til klarleiken bør direktiv 96/94/EF difor omarbeidast.
- 9) For å ta omsyn til verknadene av kortvarig eksponering bør det for visse stoff fastsetjast grenseverdiar for eksponering over kort tid.
- 10) For å sikre eit best mogleg vernnivå er det for visse agensar naudsynt å ta omsyn til mogleg opptak gjennom huda.
- 11) Dette direktivet er eit konkret ledd i verkeleggjeringa av den sosiale dimensjonen i den indre marknaden.
- 12) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 17 i rådsdirektiv 89/391/EØF av 12. juni 1989 om iverksetting av tiltak som forbedrer arbeidstakernes sikkerhet og helse på arbeidsplassen<sup>(6)</sup> –

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

*Artikkel 1*

I dette direktivet er det fastsett rettleiande grenseverdiar på fællesskapsplan for eksponering i arbeidet for dei kjemiske agensane som er førde opp i vedlegget.

(\*) Denne fællesskapsrettsakta, kunngjord i TEF L 142 av 16.6.2000, s. 47, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 19/2001 av 23. februar 2001 om endring av vedlegg XVIII til EØS-avtala (Helse og tryggleik på arbeidsplassen, arbeidsrett og lik handsaming av kvinner og menn), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei Europeiske Fællesskapa nr. 22 av 26.4.2001, s. 16.

<sup>(1)</sup> TEF L 131 av 5.5.1998, s. 11.

<sup>(2)</sup> TEF L 188 av 9.8.1995, s. 14.

<sup>(3)</sup> TEF L 177 av 5.7.1991, s. 22.

<sup>(4)</sup> TEF L 338 av 28.12.1996, s. 8.

<sup>(5)</sup> TEF L 327 av 3.12.1980, s. 8.

<sup>(6)</sup> TEF L 183 av 29.6.1989, s. 1.

*Artikkel 2*

Medlemsstatane skal fastsetje nasjonale grenseverdier for eksponering i arbeidet for dei agensane som er førde opp i vedlegget, samstundes som det vert teke omsyn til fellesskaps-grenseverdiane.

*Artikkel 3*

1. Medlemsstatane skal seinast 31. desember 2001 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal syte for at teksta til dei intern-rettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar, vert send til Kommisjonen.

*Artikkel 4*

Direktiv 96/94/EF vert oppheva med verknad frå den dato som er nemnd i artikkel 3 nr. 1.

*Artikkel 5*

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

*Artikkel 6*

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 8. juni 2000.

*For Kommisjonen*

Anna DIAMANTOPOULOU

*Medlem av Kommisjonen*

## VEDLEGG

## RETTLEIANDE GRENSEVERDIAR FOR EKSPONERING I ARBEIDET

Einecs <sup>(1)</sup>	CAS <sup>(2)</sup>	Nemninga til agensen	Grenseverdiar				Merknad <sup>(3)</sup>
			8 timar <sup>(4)</sup>		Kortvarig <sup>(5)</sup>		
			mg/m <sup>3</sup> <sup>(6)</sup>	ppm <sup>(7)</sup>	mg/m <sup>3</sup> <sup>(6)</sup>	ppm <sup>(7)</sup>	
200-467-2	60-29-7	Dietyleter	308	100	616	200	–
200-662-2	67-64-1	Aceton	1 210	500	–	–	–
200-663-8	67-66-3	Triklormetan	10	2	–	–	Hud
200-756-3	71-55-6	1,1,1-Trikloretan	555	100	1 110	200	–
200-834-7	75-04-7	Etylamin	9,4	5	–	–	–
200-863-5	75-34-3	1,1-Dikloretan	412	100	–	–	Hud
200-870-3	73-44-5	Fosgen	0,08	0,02	0,4	0,1	–
200-871-9	75-45-6	Klordinfluormetan	3 600	1 000	–	–	–
201-159-0	78-93-3	Butanon	600	200	900	300	–
201-176-3	79-09-4	Propionsyre	31	10	62	20	–
202-422-2	95-47-6	o-Xylen	221	50	442	100	Hud
202-425-9	95-50-1	1,2-Diklorbenzen	122	20	306	50	Hud
202-436-9	95-63-6	1,2,4-Trimetylbenzen	100	20	–	–	–
202-704-5	98-82-8	Kumen	100	20	250	50	Hud
202-705-0	98-83-9	2-Fenylpropen	246	50	492	100	–
202-849-4	100-41-4	Etylbenzen	442	100	884	200	Hud
203-313-2	105-60-2	e-Kaprolaktam (støv og damp)	10	–	40	–	–
203-388-1	106-35-4	3-Heptanon	95	20	–	–	–
203-396-5	106-42-3	p-Xylen	221	50	442	100	Hud
203-400-5	106-46-7	1,4-Diklorbenzen	122	20	306	50	–
203-470-7	107-18-6	2-Propen-1-ol	4,8	2	12,1	5	Hud
203-473-3	107-21-1	Etylenglykol	52	20	104	40	Hud
203-539-1	107-98-2	1-Metoksy-2-propanol	375	100	568	150	Hud
203-550-1	108-10-1	Metylisobutylketon	83	20	208	50	–
203-576-3	108-38-3	m-Xylen	221	50	442	100	Hud
203-603-9	108-65-6	2-Metoksy-1-metyletylacetat	275	50	550	100	Hud
203-604-4	108-67-8	1,3,5-Trimetylbenzen	100	20	–	–	–
203-628-5	108-90-7	Klorbenzen	47	10	94	20	–
203-631-1	108-94-1	Sykloheksanon	40,8	10	81,6	20	Hud
203-632-7	108-95-2	Fenol	7,8	2	–	–	Hud
203-726-8	109-99-9	Tetrahydrofuran	150	50	300	100	Hud
203-737-8	110-12-3	5-Metyl-2-heksanon	95	20	–	–	–
203-767-1	110-43-0	2-Heptanon	238	50	475	100	Hud
203-808-3	110-85-0	Piperazin	0,1	–	0,3	–	–
203-905-0	111-76-2	2-Butoksyetanol	98	20	246	50	Hud
203-933-3	112-07-2	2-Butoksyetylacetat	133	20	333	50	Hud

Einecs <sup>(1)</sup>	CAS <sup>(2)</sup>	Nemninga til agensen	Grenseverdiar				Merknad <sup>(3)</sup>	
			8 timar <sup>(4)</sup>		Kortvarig <sup>(5)</sup>			
			mg/m <sup>3</sup> <sup>(6)</sup>	ppm <sup>(7)</sup>	mg/m <sup>3</sup> <sup>(6)</sup>	ppm <sup>(7)</sup>		
204-065-8	115-10-6	Dimetyleter	1 920	1 000	–	–	–	
204-428-0	120-82-1	1,2,4-Triklorbenzen	15,1	2	37,8	5	Hud	
204-469-4	121-44-8	Trietylamin	8,4	2	12,6	3	Hud	
204-662-3	123-92-2	3-Metyl-1-butylacetat	270	50	540	100	–	
204-697-4	124-40-3	Dimetylamin	3,8	2	9,4	5	–	
204-826-4	127-19-5	N,N-Dimetylacetamid	36	10	72	20	Hud	
205-480-7	141-32-2	n-Butylakrylat	11	2	53	10	–	
205-563-8	142-82-5	n-Heptan	2 085	500	–	–	–	
208-394-8	526-73-8	1,2,3-Trimetylbenzen	100	20	–	–	–	
208-793-7	541-85-5	5-Metyl-3-heptanon	53	10	107	20	–	
210-946-8	626-38-0	1-Metylbutylacetat	270	50	540	100	–	
211-047-3	628-63-7	Pentylacetat	270	50	540	100	–	
		620-11-1	3-Pentylacetat	270	50	540	100	–
		625-16-1	Amylacetat, tert	270	50	540	100	–
215-535-7	1330-20-7	Xylen, blanding av isomerar, reint	221	50	442	100	Hud	
222-995-2	3689-24-5	Sulfotep	0,1	–	–	–	Hud	
231-634-8	7664-39-3	Hydrogenfluorid	1,5	1,8	2,5	3	–	
231-131-3	7440-22-4	Sølv, metallisk	0,1	–	–	–	–	
231-595-7	7647-01-0	Hydrogenklorid	8	5	15	10	–	
231-633-2	7664-38-2	Ortofosforsyre	1	–	2	–	–	
231-635-3	7664-41-7	Ammoniakk, vassfri	14	20	36	50	–	
231-954-8	7782-41-4	Fluor	1,58	1	3,16	2	–	
231-978-9	7783-07-5	Dihydrogenselenid	0,07	0,02	0,17	0,05	–	
233-113-0	10035-10-6	Hydrogenbromid	–	–	6,7	2	–	
247-852-1	26628-22-8	Natriumazid	0,1	–	0,3	–	Hud	
252-104-2	34590-94-8	2-Metoksymetyletoksypropanol	308	50	–	–	Hud	
		Uorganiske fluorid	2,5	–	–	–	–	

(1) EINECS: European Inventory of Existing Chemical Substances (Europeisk liste over eksisterande marknadsførde kjemiske stoff).

(2) CAS: Chemical Abstract Service Registry Number.

(3) Dersom merkningen «Hud» står til ein grenseverdi, tyder dette at ei større mengd av stoffet kan takast opp gjennom huda.

(4) Målt eller utrekna i høve til ein referanseperiode som er eit tidsvege gjennomsnitt i åtte timar.

(5) Ein grenseverdi som ikkje bør overskridast, og som gjeld for ein eksponeringsperiode på 15 minuttar, med mindre noko anna er nemnt.

(6) mg/m<sup>3</sup> = milligram per kubikmeter luft ved 20 °C og 101,3 kPa.

(7) ppm = milliondelar etter volum i luft (ml/m<sup>3</sup>).